

Fleire singlar for uskedelingar

21.01.2008

Uskedelingane vann i fleire klassar då det første karusellrennet i Fjellhaugen vart avvikla i sludd, snø og vind. Det var 75 med i rennet.

Tormod Myklebust vann klasse menn 56-60 år, han gjekk 10-kilometeren på 39,00. Pål Haugland vann klassa for menn 61-65 år på 41.20.

Martin Røssland vart bestemann i klassa for gutar i niårsklassa, 1,3 kilometer medan Kari Bråtun sgra i jenter 12 år, som gjekk to kilometer. Ho hade tida 8.18 medan Katrine Røssland på fjerdeplassen gjekk på 9.36.